



kirkesang.no Jondal Grendakor er kyrkjekor i Jondal & medlemskor i Bjørgvin Kirkesangforbund. Med stønad frå Aktivitesmidler for kor og Folkeakademiet Jondal, inviterer dei til Krafttak for kyrkjesongen. Ver med og skap syngande kyrkjelydar og syngande kommunar.

Jondal Grendakor ønskjer velkomne til

## KORSEMINARET "TONAR UNDERVEGS" MED HENNING SOMMERRO

**I JONDAL KYRKJE, HARDANGER,  
laurdag & søndag 15-16.september,**  
og til deltaking ved  
**konsert i Jondal kyrkje 16.september kl.17 og/eller  
konsert i Odda kyrkje 16.september kl.20**

Vi øver inn og framfører melodiar og arrangement Sommerro har laga.  
Og kanskje vert noko til undervegs i samspelet☺

**I tillegg til å invitere generelt alle dykk som er glade i å  
syng; enkeltsongarar, grupper, kor, dirigentar og andre,**

**inviterer vi også spesielt alle dykk som er tilknytt sokna  
Jondal, Kinsarvik, Odda, Røldal, Skare, Tyssedal,  
Ullensvang og Utne, som no også er undervegs til nytt  
kyrkjeleg fellesråd i den nye Ullensvang kommune.**

Velkomne til å delta i prosjektet som deltakarar på korseminar  
og som songar i felleskoret, "Undervegs-koret".

Både korgrupper som deltek på seminaret,  
og kor som ikkje har høve til å delta på seminaret,  
men som har høve til å vere med på ein eller begge konsertane,  
kan delta som eigne kor med eitt Sommerroarrangement som særnummer,  
så sant konserten har rom for det.

**I tillegg til komponist og muskar Henning Sommerro, vert det med  
ein muskar frå kvart av dei tre noverande fellesrådsområda. Frå  
Jondal- Arild B.Nielsen-trompet/ litt perkusjon, frå Odda- Laura Buta-  
fløyte, og frå Ullensvang- Ragnhild Opedal Tveit – piano/ saxofon.  
Anne Karin Stormyr er dirigent for felleskoret.**

DAGSORDEN:		
Laurdag	kl.10.00-13.00	Korseminar i Jondal kyrkje
	kl.13.00	Middag på Folgefonn gjestetun.
	kl.14.00-18.00:	Korseminar i Jondal kyrkje
	kl.20.00-	Open kulturkveld på Jonsvoll. Stand Up song & dans mm
Søndag	kl.10.00-	Korseminar i Jondal kyrkje
	kl.11.00	Vi syng på gudsteneste i Jondal kyrkje. Salmene er salmar Sommerro har komponert/ arrangert & liturgisk musikk- Folkemusikkmesse frå Hardanger (Rannveig Djonne)
	kl.13.00	Middag på Folgefonn Gjestetun
	kl.14.00-16.00	Korseminar i Jondal kyrkje
	kl.17.00	Konserten "TONAR UNDERVEGS" i Jondal kyrkje
	kl.20.00	Konserten "TONAR UNDERVEGS" i Odda kyrkje

Prisar pr. person:

**Korseminar Vaksne kr.350,- / Unge frå 11-20 år kr.100,-  
Pr. middag på Folgefonn gjestetun inklusiv kaffi og dessert kr.160,-  
Enkel kulturkveld på Jonsvoll kr.50,-**

Påmelding sender de til Anne Karin Stormyr ([kantor@jondalkyrkje.no](mailto:kantor@jondalkyrkje.no)) med  
kopi til Jostein Byrkjenes ([jbyrkjenes@online.no](mailto:jbyrkjenes@online.no)), samstundes som de  
betaler for korseminar og ønska måltid + evt. kulturkveld til  
Jondal Grendakor, konto: 3450.27.03783 . Påmelding innan 1.juli.

Betalinga merkast med namn+ evt. antal måltid og kulturkveld. Grupper og kor sender samla  
påmelding og betaling. Grupper av born og unge som vil delta på konsert, men ikkje deltek på  
seminaret, får fri billett. Vaksne grupper og kor som vil delta på konsert,  
men ikkje deltek på seminaret, får rabatt på billett.

Påmeldinga pr.mail til korseminar inneheld namn, adresse, telefon, fødselsår, middag  
laurdag/søndag? & kulturkveld?.

Påmelding til deltaking ved konsert inneheld namn på gruppe/kor, antal songarar, namn &  
mobilnummer for kontaktperson.

Grupper/kor som ønskjer delta med særnummer, melder frå om dette i påmeldingsmailen.  
Vi tek kontakt og avtaler kva arrangement de stiller med.

Info om fellesnummer vil de finne på [www.jondalkyrkje.no](http://www.jondalkyrkje.no) innan medio juni.